



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Sigmund Bødal / 55516146

Vår referanse:
17/15961-7

Dykkar referanse:

Vår dato:
23.08.2017

Vedrørende klage på vedtak – Reguleringsplan – Fonnebostvegen – Planid 1263201516 i Lindås kommune.

Vi viser til vår klage på vedtak for reguleringsplan for Fonnebustvegen gbnr 108/161 i Lindås kommune av 18.08.17 : Klagen er sett fram med bakgrunn i at våre merknadar ikkje er teken med ved handsaming og vedtak i saka.

Som ein del av klagen vår vil han også gjelde nye viktige opplysningar, som gjeld omsynet til Den Tronhjemske postveg. Dette nasjonale kulturminnet er ikkje nemnd i planomtalen. Statens vegvesen er eigar av Den Tronhjemske postveg som ligg i planområdet. Vi kan ikkje sjå å ha motteke nabovarsel om tiltaket som planen opnar for.

Den Tronhjemske postveg er eit nasjonalt viktig kulturminne. Slik vi forstår situasjonen på staden så er det mogleg å kunne kople seg på kommunal veg, i staden for å bruke Den Tronhjemske postveg slik planforslaget no legg opp til, for bustadar på Storbruhaugen 3 – 7. Vi gjer merksam på at Den Tronhjemske postveg på ingen måte er konstruert for å tole moderne motorisert ferdsle. Statens vegvesen kan difor ikkje akseptere at postvegen vert nytta som tilkomstveg for nye bueiningar i planen. Vi krev difor at ein brukar kommunal veg som tilkomst for desse bueiningane. Den Tronhjemske postveg skal visast med omsynssone i plankartet.

Den Tronhjemske postveg skal omtalast med eigne føresegner. Ordlyden skal vere som følgjer : Den Tronhjemske postveg er eit nasjonalt viktig kulturminne. Statens vegvesen er eigar av vegen. Det skal ikkje gjerast nokon endringar på vegen utan at dette er godkjent av Statens vegvesen. Statens vegvesen skal varslast om framtidige tiltak i området som kan ha innverknad på Den Tronhjemske postveg.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Plan- og forvaltningsseksjon, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Bødal Sigmund
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland Samordningsprosjektet Egil Hauge,
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN